HAREID KOMMUNE



HANDLINGSPLAN FOR TRYGT OG GODT BARNEHAGEMILJØ I HAREID

2025 – 2029

Innleiing

Frå 1. januar 2021 fekk barnehagelova eit nytt kapittel som sikrar at barn opplever barnehagen som ein trygg og god stad å vere. Lovendringa omfattar barnet si oppleving av tryggleik og trivsel.

Dei fire barnehagane i Hareid har i fellesskap utarbeidd plan for «Trygt og godt barnehagemiljø». Planen skal vere eit verktøy for arbeid i barnehagen og trygge dei tilsette i sitt arbeid med å innfri lovkrava som handlar om retten til eit trygt og godt barnehagemiljø. Planen er og ein informasjon til foreldre og politikarar om korleis vi i Hareid gjer barnehagemiljøet trygt og godt for barna.

Mål:

Alle tilsette skal sikre at alle barn har eit trygt og godt barnehagemiljø, der alle barn kjenner at dei er ønska som deltakarar i eit leikande og lærande fellesskap. Der barna er inkluderte og får vere med å medverke ut frå sin ståstad

Hareid, november 2024

Arbeidsgruppe:

- Mariann Båtnes – rådgjevar sektor for læring og kultur
- Siw Olsen – styrar Bigset barnehage
- Berit Liaset/Linn-Kristine Hoddevik – styrarar Hareid barnehage
- Laila Ringstad Bakkely – styrar Norlandia Holstad Barnehage
- Solveig Ertesvåg – styrar Syverplassen barnehage

Innhaldsliste

Innleiing 2
1 Handlingsplan for trygt og godt barnehagemiljø i Hareid 4
1.1 Felles forståing for omgrep 4
Mobbing- definisjon 4
Forskjell på konflikt, erting og mobbing 4
Nulltoleranse 4
Psykososialt barnehagemiljø 5
Moglege kjenneteikn ved barn som opplever mobbing eller andre krenkingar: 5
Moglege kjenneteikn ved born som utfører mobbing eller andre krenkingar 5
2 Heilskapleg og systematisk arbeid med barnehagemiljø, mobbing og andre krenkingar 6
- Fremje trygge og gode barnehage- og skulemiljø 6
- Førebygge mobbing og andre krenkingar 6
- Handtere mobbing og andre hendingar 6
2.1 Kapittel VIII i barnehagelova 7
Barnehagelova paragraf 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid 7
Barnehagelova paragraf 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt) 8
Barnehagelova paragraf 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen krenker et barn 8
2.3 Foreldresamarbeid 9
Samarbeid med andre instansar 9
3 Referanseliste og utgangspunkt for planen 10
Kapittel II. Barns og foreldres medvirkning 10
Kapittel III. Godkjenningsplikt og oppgavefordeling 10
Vedlegg 1 Tiltak når barn krenker barn 11
Vedlegg 2 Skjerpa aktivitetsplikt 11

1 Handlingsplan for trygt og godt barnehagemiljø i Hareid

1.1 Felles forståing for omgrep

Mobbing- definisjon

> « Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller andre barn som hindrer barnets opplevelse av å høre til og være en betydingsfull deltaker i fellesskapet.»
>
> **(Lund, Helgeland, Kovac,Nome, Cameron 2015)**

Forskjell på konflikt, erting og mobbing

Konflikt Likeverdige partar Skjer av og til Tilfeldig Same emosjonelle reaksjon Søkjer ikkje makt/merksemd Prøver ikkje å oppnå noko Dårleg samvit- tek etter kvart ansvar Ynskjer problemløysing	**Mobbing** Ubalanse i styrkeforhold/ikkje vener Gjentekne negative hendingar/mønster Med hensikt/planlagt Alvorlege truslar om fysisk eller emosjonell skade eller ekskludering frå leik Sterk emosjonell reaksjon frå offer, ikkje frå mobbar Søkjer makt, kontroll, materielle ting Prøver å få makt over noko/nokon som t.d leiker Angrar ikkje, skuldar på offeret Ikkje forsøk på problemløysing
Erting Likeverdige partar Morosam tone Vanlegvis ikkje skadeleg eller vondt	**Mobbing** Ei form for repetert, vedvarande negativt handlingsmønster Rett mot enkeltindivid og skal skape frykt

Nulltoleranse

«Barnehagen skal bidra til barns trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd og forebygge krenkelser og mobbing. Om et barn opplever krenkelser eller mobbing, må barnehagen håndtere, stoppe og følgje opp dette.»

(Rammeplan, 2017).

Nulltoleranse betyr at barnehagen ikkje skal godta at barn blir utsett for mobbing og krenking i barnehagen. Alle som jobbar i barnehagen skal gripe inn når eit barn i barnehagen vert utsett for krenking.

Å arbeide ut frå eit nulltoleranseprinsipp vil seie at alle overtramp må følgjast opp med handling frå trygge, gode, varme vaksne. Nulltoleranse er handling. Personalet må involvere seg i barna og sjå spesifikt på korleis dei inkluderer eller ekskluderer kvarandre i leiken. Det er viktig å sjå gruppa som heilheit og samtidig ha evne til å sjå kvart enkelt barn.

Eit barn som er utanfor i leik treng at personalet støttar og rettleiar barnet inn i leiken saman med dei andre. Då vil barnet etter kvart meistre å kome inn i leiken på eiga hand.

Psykososialt barnehagemiljø
Når eit barn opplever at han/ho har det trygt og godt i barnehagen, at han/ho er inkludert i barnegruppa og at det å gå i barnehagen er ein positiv oppleving og noko barnet ser fram til, då er det eit trygt og godt barnehagemiljø. Slike barnehagar har eit personale som er varme, inkluderande og set grenser (autoritative)

Verdiar som vi skal sjå att i barnehagen er mellom anna respekt for at vi er ulike og positive haldningar til å leve saman i eit inkluderande fellesskap. «Barnehagen skal ha en helsefremmende og forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller. (Barnas fysiske og psykiske helse skal fremmes i barnehagen, 2017)

Moglege kjenneteikn ved barn som opplever mobbing eller andre krenkingar:

- klager over å ha vondt mage eller hovud
- søv dårleg
- ser triste ut og viser liten glede
- gir uttrykk for å kjenne seg utestengt og åleine
- dårleg appetitt
- kan utvikle eit dårleg sjølvbilete – misser trua på seg sjølv
- taper glede over aktivitetar som dei likte tidlegare
- har dårleg konsentrasjon
- kan ta til med å isolere seg sjølv, unngår nye menneske eller nye aktivitetar
- får problem med å danne og behalde relasjonar
- ønsker å vere der dei vaksne er, heller enn å vere i lag med andre barn

Moglege kjenneteikn ved born som utfører mobbing eller andre krenkingar

- ønsker sosial gevinst og status – hevdar seg sjølv
- taktiske og sosialt smarte – gjer ting i smug der vaksne ikkje er og kan bruke utestenging som straff
- høg status, tilsynelatande populære
- gode relasjonar til vaksne
- lavt sjølvbilete
- gir mobbeofferet skuld
- forsvarar handlingane med rettferd, legitimering og bagatellisering
- kan vere utagerande

2 Heilskapleg og systematisk arbeid med barnehagemiljø, mobbing og andre krenkingar

Det heilskaplege arbeidet kan delast i tre:

- **Fremje trygge og gode barnehage- og skulemiljø**


Barnehagen sitt systematiske arbeid for å sikre at alle barn opplever eit trygt og godt barnehagemiljø er ein del av den alminnelege pedagogiske praksisen. Det er daglege tiltak som kjem alle barn til gode.

- **Førebygge mobbing og andre krenkingar**

Barnehagen sitt systematiske førebyggande arbeid minskar risikoen for at ikkje ønska hendingar skjer. Barnehagane arbeider med å førebygge slik at krenkingar ikkje skjer og viss det blir oppdaga, tidleg å kunne avdekke krenkingar.

- **Handtere mobbing og andre hendingar**

Barnehagen si prosedyre skal vise korleis barnehagen skal avdekke, stoppe og følgje opp tilfelle der barn vert utsett for krenkingar.



2.1 Kapittel VIII i barnehagelova

Tilsette skal fremje eit trygt og godt barnehagemiljø

Barnehagelova paragraf 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Paragrafen inneheld tre krav:

1. Barnehagen skal ikkje godta krenkingar
2. Tilsette skal gripe inn når dei ser/har mistanke om krenkingar
3. Barnehagen må arbeide systematisk med førebygging

For å oppfylle krava vil Hareid-barnehagane arbeide slik:

Leik er kjerneoppgåva i barnehagen, leiken har ein sentral plass. I eit leikefellesskap legg barna grunnlag for venskap med kvarandre. Her vert dei kjende med ulike uttrykksformer som kan gje dei ei forståing for korleis vi får venner på tvers av alder, språk og kulturar. Alle barn treng ein leikevenn.

Tilsette og føresette har eit stort ansvar i å vere vegvisarar for barna.

Barna i Hareid skal kvar dag møte tilsette som:

- er til stades og aktive i leik
- bygger varme og gode relasjonar til kvart einskild barn
- bekreftar og anerkjenner barn sine uttrykk
- er lyttande for barna sine innspel
- viser interesse og glede
- nyttar humor og latter
- er budd til læringsøkter
- kjenner kvart einskild barn
- har kompetanse om korleis bygge gode relasjonar
- har kompetanse om gruppedynamikk
- legg til rette for at barna får øve på sjølvregulering, - kjenne på dei ulike kjenslene og lære å handtere dei

God pedagogisk praksis i våre barnehagar blir til ved:

- felles ståstad, verdisyn og handlingsmåte tufta på den autoritative vaksenrolla
- systematisk og organisatorisk arbeid i samsvar med barna sine behov.
- kompetanse om leik og barn si leikeutvikling.
- bruk av gode observasjonsverktøy for å sikre at vi veit kva det enkelte barn treng for å oppleve meistring og utvikling.
- systematisk kartlegging for å fange opp barn som er ekstra sårbare, både for å bli utsette for mobbing, men og for å bli ein som mobbar.
- ved refleksjon over eigen praksis.
- ved å gi kvarandre tilbakemelding i det daglege arbeidet

Barnehagelova paragraf 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle har plikt til å seie frå om ein av personale i barnehagen får mistanke om, eller kjennskap til at ein annan som arbeider i barnehagen krenker eit barn med utestenging, mobbing, vald, diskriminering eller trakassering. Då skal vedkomande straks melde frå til styrar i barnehagen. Styrar skal melde frå til barnehageeigar.

Dette gjeld også om ein får mistanke om at styrar krenker eit barn. Då skal vedkomande melde frå til barnehageeigar direkte.

Undersøkingar og tiltak etter paragraf 42 tredje og fjerde ledd skal settast i verk straks.

Undersøkingar og tiltak etter paragraf 42 tredje og fjerde ledd skal settast i verk straks.

Aktivitetsplikta er her illustrert med ei handlingssløyfe.
Barnehagen arbeider systematisk og førebyggande for å skape eit trygt og godt barnehage-miljø. Dette legg grunnlaget for aktivitetsplikta om å følgje med

Pliktene er opp summert slik:

- plikt til å følgje med
- plikt til å gripe inn
- plikt til å melde frå
- plikt til å undersøke
- plikt til å sette inn tiltak og lage aktivitetsplan
- plikt til å evaluere



“Grunnlagsdokumentet for arbeid med barnehage-, skolemiljø, mobbing og andre krenkelser» (Utdanningsdirektoratet 2017).

Barnehagelova paragraf 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen krenker et barn

Gjeld dersom ein som arbeid i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider i barnehagen, krenker eit barn med til dømes utestenging, mobbing, vald, diskri-minering eller trakassering. Tiltak skal settast i verk straks.

2.2 Barn sin rett til medverknad og omsynet til barnet sitt beste

Barnehagelova paragraf 3

Barn skal ha rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksemd og i saker som gjeld dei sjølve.

Barn skal jamleg få delta aktivt i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.

Barnet sine synspunkt skal vektleggast i samsvar med alder og modning.

I alle handlingar og avgjersler som gjeld barn i barnehagen, skal kva som er best for barnet, vere et grunnleggande omsyn.

2.3 Foreldresamarbeid

Det er barnehagen sitt ansvar for å leggje til rette for eit foreldresamarbeid der vi i fellesskap arbeider for å fremme eit trygt og godt barnehagemiljø, gjennom informasjon og medverknad.

Eit tett samarbeid med heimen der vi skapar felles kunnskap, handlingar og verdiar legg eit godt grunnlag for barnehagemiljøet. Det skal vera låg terskel for å melde frå til barnehagen dersom føresette opplever endra åtferd eller mistrivnad hos barnet sitt, og dei skal vera trygge på at uroa vert tatt på alvor.

Slik kan føresette vere med å lage eit trygt og godt miljø for alle i barnehagen:

- helse på og snakke med alle barna
- invitere til nye venskap ved å invitere med barn heim
- gi beskjed til barnehagen om korleis barna trivst
- fylgje opp beskjedar og informasjon frå barnehagen
- melde frå til barnehagen dersom dei observerer at nokon vert erta/mobba
- korrigere andre sine barn dersom dei seier noko som er krenkande
- vere gode rollemodellar- helse på dei andre barna på avdelinga, bruke gjerne namnet til barna
- oppmuntre til å leike med andre
- møtast på fritidsaktivitetar
- halde ein god dialog med andre føresette og tilsette
- vere aktivt deltakande på dugnad og andre møter i barnehagen

Samarbeid med andre instansar

For å fremje eit trygt og godt barnehagemiljø, førebygge og handtere mobbing og andre krenkingar er det viktig med eit godt tverrfagleg samarbeid i kommunen:

Barnehagane har eit «Tverrfagleg team» med inn til to møter per halvår. Teamet har medlemmar frå barnevernet, helsestasjonen og PPT. Her kan det anonymt takast opp case om det einskilde barnet si utvikling.

«Støttande team» – Oppsøkande lågterskeltilbod for barn/foreldre/tilsette i skular og barnehagar. Støttar og viser veg vidare.

Betre Tverrfagleg Samhandling (BTS) er eit verktøy som skal hjelpe oss å fange opp born og unge som har behov for hjelp på eit tidleg tidspunkt

3 Referanseliste og utgangspunkt for planen

Grunnlova paragraf 104:
Ved avgjersler som vedkjem barn, skal barnet sitt beste vere eit grunnleggande omsyn.

FNs barnekonvensjon

Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger

Rammeplan for barnehagen Livsmeistring og helse

Barnehagelova:

Kapittel I Barnehagens formål og innhald
Paragraf 1 Formål
Paragraf 2 Barnehagens innhald

Kapittel II. Barns og foreldres medvirkning
Paragraf 3 Barns rett til medverking og hensynet til barnets beste

Kapittel III. Godkjenningsplikt og oppgavefordeling

Paragraf 9 - internkontroll

Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø
Paragraf 41 Nulltoleranse og førebyggande arbeid
Paragraf 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)
Paragraf 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen, krenker eit barn

Hareid kommune sin kommuneplan

Dei viktigaste måla Hareid kommune jobbar etter (utdrag):

«Hareid kommune skal gi barn og unge gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle som grunnlag for livskvalitet, identitet og utvikling»

Læring og omsorg. Kvalitetsplan for god oppvekst i Hareid kommune

Barnehagane sine satsingsområde og planar

Barnehagane har vore med i Udir sitt kompetansehevingsprogram «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», pulje 4. Kunnskapen og læringa frå denne deltakinga har vi med oss og vert implementert i personalgruppa.

Vidare har vi «Språk og leik» som satsingsområde i barnehagane. Arbeid med språkutvikling og inkludering for alle barn, uansett språkleg bakgrunn har vi eit samarbeid med Høgskulen i Volda om.

Leiarrolla
Styrarane i barnehagane fylgjer gjennom regionnettverket Sjustjerna leiaropplæringa: «Styrking av leiarane med å leie laget rundt barnet»

Pedagogane i barnehagane vert gjennom fagdagar/leiaropplæring styrka i å sjå på seg sjølv som leiarar for tilsette og barn ved si avdelinga.

Vedlegg 1 Tiltak når barn krenker barn

Paragraf 42 gir ein plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Undersøking og tiltak etter paragraf 42 tredje ledd og fjerde ledd skal straks settast i gang.

	Oppgåve	Ansvar	Forslag til dokumentasjon
1	Alle tilsette har plikt til å følgje med på korleis barn har det	Alle	Vere tett på barna event. Vigilo Dokumentmal Internt notat
2	Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen vert utsett for krenkingar	Alle	Vigilo Dokumentmal Aktivitetsplikt-undersøking og oppfølging av tiltak
3	Alle som arbeider i barnehagen skal melde frå til styrar i barnehagen om dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø Melding kan kome frå foreldre, barn eller andre	Den som har mottatt informasjon om eller observert handlinga	Vere tett på barna. Vigilo Dokumentmal Internt notat Vigilo Dokumentmal Aktivitetsplikt-systematisk undersøking og oppfølging av tiltak
4	Styrar vurderer kor alvorleg handlinga/handlingane er og informerer barnehageeigar i alvorlege tilfelle	Styrar	Vigilo Dokumentmal Aktivitetsplikt-undersøking og oppfølging av tiltak
5	Når det er kjent at eit barn ikkje har det bra: Undersøkingar og observasjonar vert straks sett i gong	Styrar /pedagogisk leiar	Vigilo internt notat: Observasjonslogg
6	For å skaffe informasjon og å gi støtte: Samtalar med barnet som opplever at det er krenka. Barnehagen skal sikre at barnet sine eigne opplevingar kjem fram	Styrar / pedagogisk leiar	Internt notat Møtereferat
7	Samtalar med foreldra til barnet som opplever at det er utsett for krenking. Barnehagen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som skal/bør gjerast	Styrar / pedagogisk leiar	Vigilo: Referat frå møte om mobbing eller krenkande åtferd i barnehagen
8	Samtalar med barnet/barna som krenker. Er det fleire som krenker, samtale med ein om gongen. Målet med samtalen er å gi beskjed om at slik åtferd ikkje vert akseptert og må stoppe straks. Gjere avtalar om oppfølging.	Styrar / pedagogisk leiar	Vigilo: Referat med underskrift
9	Samtale med foreldra til barnet/barna som krenker. Barnehagen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan/bør gjerast	Styrar / pedagogisk leiar	Vigilo: Referat med underskrift

Innhald i tiltaksplan:

mål	metode	tidspunkt	ansvar	tidspunkt
Kva for problem skal tiltaka løyse?	Kva for tiltak er planlagt?	Når skal tiltaka gjennomførast?	Kven skal gjennomføre tiltaka?	Når skal tiltaka evaluerast?

Vedlegg 2 Skjerpa aktivitetsplikt

Paragraf 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn
Tiltak når tilsette krenker barn

	Oppgåve	Ansvar	Forslag til dokumentasjon – Sjå vedlegg
1	Alle tilsette har plikt til å følgje med på korleis barn har det og gripe inn når eit barn vert utsett for krenkingar Alle tilsette skal kjenne til korleis dei skal handtere ulike situasjonar som kan oppstå. Alle tilsette skal kjenne til barnehagen sin tilbakemeldingskultur	Alle	Vere tett på barna Vigilo Internt notat
2	Ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider i barnehagen krenker barn, skal den tilsette straks melde frå til styrar.	Alle	Vigilo Melding om krenkande handling eller mobbing
3	Styrar skal melde frå til barnehageeigar	styrar	Referat
4	Dersom ein tilsett i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at styraren i barnehagen krenker eit barn, skal vedkomande straks melde frå til barnehageeigar direkte	alle	Vigilo Melding om krenkande handling eller mobbing
5	Stoppe krenkinga og ha samtalar med den tilsette for å skaffe informasjon og undersøke hendinga	styrar	Vigilo Melding om krenkande handling eller mobbing
6	Undersøke/observere: Undersøkinga må vere realistisk og eigna til å finne ut kva som er problemet. Søke etter objektive svar ved å bruke t.d. ulike verktøy: negativt arbeidsklima tilsette sin sensitivitet sjå situasjonen ut frå barneperspektiv. rettleiing og reguleringsstøtte som kan vere utgangspunkt for kor alvorleg saka er og korleis ta saka vidare.	Styrar / pedagogisk leiar	Ulike observasjonsloggar/ og/eller skjema
7	Samtalar med barnet/barna som kjenner seg krenka eller har vore utsett for krenkingar. Er det fleire som opplever seg krenka, samtale med ein om gongen. Målet med samtalen er å skaffe seg informasjon og gi støtte. Barnehagen skal sikre at barnet si subjektive oppleving kjem fram.	Styrar / pedagogisk leiar	Referat
8	Samtalar med foreldra til barnet som opplever at det er utsett for krenking. Barnehagen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som skal/bør gjerast	Styrar / pedagogisk leiar	Referat
9	Vurdering av tiltak vert gjort i samarbeid med eigar/personalavdeling -rettleiing -kunnskap/kompetanseheving (Class) -skrifteleg varsel -oppseiing -melde til politiet	Styrar / eigar	Referat
10	Tiltaksplan vert utarbeidd. Med utgangspunkt i undersøkingar, samtalane og observasjonane vert det laga ein tiltaksplan som vert presentert for den tilsette.	Styrar/eigar	Tiltaksplan
11	Samtale med foreldre til barnet der det vert gitt informasjon om heile eller delar av tiltaksplan. (Vert saka definert som personalsak gjeld teieplikta for dei tiltak som gjeld arbeidsrettslege forhold)	Styrar	Referat

12	Oppfølgingssamtale med barnet	Styrar/pedago-gisk leiar	Referat /notat (Vigilo)
13	Vurderingsmøte med den tilsette om tilsettinga framleis gjeld		

Innhald i tiltaksplan

mål	metode	tidspunkt	ansvar	tidspunkt
Kva for problem skal tiltaka løyse?	Kva for tiltak er planlagt?	Når skal tiltaka gjen-nomførast?	Kven skal gjen-nomføre tiltaka?	Når skal tiltaka evaluerast?